



Fylkesmannen i Rogaland

ENDELEG TILSYNSRAPPORT

Elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø

Tysvær kommune – Frakkagjerd ungdomsskole

Om tilsynet

Frå januar 2018 er det innført eit nytt felles nasjonalt tilsyn på opplæringsområdet. Tilsynet omfattar offentlege og frittstående skolar, og strekk seg over fire år. Tilsyn med elevane sitt skolemiljø er eit av tema som inngår i det nye felles nasjonale tilsynet.

Det overordna målet med tilsynet er å medverke til ei styrking av arbeidet med elevane sitt skolemiljø, og av skolane si evne til å førebygge og handtere krenkande åtferd i skolen. Gjennom å undersøke skolane sin praksis, vil moglege brot på regelverket bli avdekka. Fylkesmannen vil gjennom pålegg krevje at moglege brot på regelverket blir retta.

Eit trygt og godt skolemiljø er ein viktig innsatsfaktor for ein god skole, og for realiseringa av føremålet i opplæringslova § 1-1. Manglar ved skolemiljøet kan føre til vantrivnad hjå elevane, og det vil kunne ha direkte verknad for læringsutbyttet.

Skolemiljøet handlar om mellommenneskelege forhold. Eit godt psykososialt miljø er grunnleggande for at den einskilde elev skal kunne utvikle seg positivt. Skolen er ein av dei mest sentrale arenaer i barn og ungdom sitt liv. Skolen er staden for læring og utvikling, men utan ei grunnleggande kjensle av tryggleik, tilhøyrsløse og inkludering, vil ikkje læringa få det rette fokuset.

Temaet for tilsynet er skolen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø, skolen si plikt til å arbeide førebyggjande, og skolen si plikt til å informere og involvere elevar og føresette. Det overordna føremålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar har eit trygt og godt skolemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.

Tilsynet skal vere med å sikre at skoleeigar og skoleleiarar

- sørger for at tilsette følger med, grip inn, varslar, undersøker og set inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø
- driv eit førebyggjande, kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremme eit trygt og godt skolemiljø.

Innhald

1	Innleiing.....	3
1.1	Kort om kommunen og skolen.....	3
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	3
1.3	Rektor skal sikre, følge opp og sørge for.....	4
1.4	Om tilsynsrapporten.....	5
1.5	Brot på regelverket og varsel om pålegg.....	5
1.6	Status på rapporten og vegen vidare.....	5
2	Skolen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø.....	6
2.1	Plikta til å følge med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.....	6
2.1.1	Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar.....	6
2.1.2	Våre konklusjonar.....	12
2.2	Plikta til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom ein som jobbar på skolen, krenker ein eller fleire elevar.....	13
2.2.1	Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar.....	13
2.2.2	Våre konklusjonar.....	15
2.3	Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak.....	15
2.3.1	Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar.....	15
2.3.2	Våre konklusjonar.....	17
3	Skolen si plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre.....	18
3.1	Plikta til å arbeide førebyggjande, kontinuerleg og systematisk for å fremme eit trygt og godt skolemiljø.....	18
3.1.1	Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar.....	18
3.1.2	Våre konklusjonar.....	20
3.2	Plikta til å informere og involvere elevar og foreldre i arbeidet med skolemiljøet	21
3.2.1	Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar.....	21
3.2.2	Våre konklusjonar.....	23
4	Varsel om pålegg om retting.....	24

1 Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30. I tilsyn kontrollerer vi om skolane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Dersom Tysvær kommune/Frakkagjerd ungdomsskole ikkje følger regelverket, kan vi pålegge retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen. Kommunen har ansvaret for at skolen rettar opp brot på regelverket.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentliglova.

1.1 Kort om kommunen og skolen

Tysvær kommune er ein kommune med ca. 11.000 innbyggjarar. Tysvær-skolen har rundt 1670 elevar fordelt på 8 skolar. Frakkagjerd ungdomsskole er den einaste reine ungdomsskolen i kommunen. Den starta opp i 1972 og har nå totalt 330 elevar og 43 tilsette.

Tilsynet skal vere risikobasert. Fylkesmannen vel derfor ut kommunar og skular til tilsyn på grunnlag av mellom anna tal frå elevundersøkinga over fleire år, meldte saker til Fylkesmannen etter opplæringslova § 9A-6, meldingar frå elevar/føresette og presseoppslag.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Tysvær kommune i brev frå 14.06.19. De vart pålagt å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Elevane sitt skolemiljø er temaet for tilsynet. Vi har kontrollert følgande undertema:

1. Skolen si plikt til å følge med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4.
2. Skolen si plikt til å arbeide førebyggjande, kontinuerleg og systematisk for å fremme eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-3 og 9 A-8 første ledd.

Det overordna føremålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremmar helse, trivsel og læring. Gjennom å undersøke skolane sin praksis vil eventuelle brot på regelverket avdekkast. Fylkesmannen vil gjennom pålegg krev at eventuelle brot på regelverket blir retta.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Når det gjeld metode for tilsyn etter opplæringslova, har Utdanningsdirektoratet utarbeidd eiga handbok¹ som Fylkesmannen skal bruke. Handboka ligg på Utdanningsdirektoratet sine nettsider.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir oppfylt, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne tilsynsrapporten.

1.3 Rektor skal sikre, følge opp og sørge for

I fleire av kontrollspørsmåla er det stilt spørsmål om rektor «sikrar», «sørgjer for» og «følger opp». Krava om at rektor skal sikre, følge opp eller sørge for, viser til rektor si plikt til å arbeide systematisk slik at krava i lova blir oppfylte.

Rektor skal sikre

At rektor skal sikre at skolen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at vi undersøker om rektor har bestemt ein fast framgangsmåte for korleis skolen skal oppfylle kravet. Dette er nødvendig der regelverket gir skolen eit handlingsrom for korleis dei skal oppfylle kravet, slik at skolen sjølv må operasjonalisere korleis den enkelte skal gå fram i kvar enkelt sak. Det er ikkje eit krav at framgangsmåten er skriftleg, men den må vere eigna til å sikre at kravet i lova blir oppfylt i alle saker på den aktuelle skolen. Rektor må i tillegg følge opp at dei som jobbar på skolen bruker framgangsmåten i praksis. Dersom skolen ikkje har hatt saker der det har vore nødvendig å bruke framgangsmåten, undersøker vi om rektor har gjort det som er nødvendig for at framgangsmåten vil bli følgd, når skolen får ei slik sak.

Rektor skal følge opp

I nokre tilfelle har ikkje skolen eit handlingsrom for korleis han skal oppfylle kravet, fordi framgangsmåten er gitt. At rektor skal følge opp at skolen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at rektor må forsikre seg om at den bestemte framgangsmåten blir oppfylt i praksis på skolen. Døme: «Følger rektor opp at skolen gjennomfører tiltak i samsvar med aktivitetsplanen?» Her er det aktivitetsplanen som viser framgangsmåten, men rektor må følge opp at det som står i aktivitetsplanen blir gjennomført.

Rektor skal sørge for

At rektor skal sørge for at eit krav blir oppfylt, betyr at oppgåva er av ein slik art at det ikkje er nødvendig med ein fast framgangsmåte. Dette kan gjelde mindre oppgåver eller aktivitetar. Døme: «Sørger rektor for at skolen vurderer informasjonen om korleis tiltaka har verka, og tilpassar tiltaka basert på vurderinga og elevens syn?» Det kan i tillegg gjelde større oppgåver der det er unaturleg med ein fast framgangsmåte. Døme: «Jobbar rektor for at skolen skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit inkluderande og trygt skulemiljø?»

Ikkje krav

Når kontrollspørsmålet ikkje inneheld krav om at rektor skal «sikre», «følge opp» eller «sørge for», betyr det at vi ikkje vurderer det systematiske arbeidet til rektor, men her vil vi berre vurdere om

¹ Metodehåndbok for tilsyn - en håndbok for tilsyn i metode for tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven.

skolen oppfyller kravet i praksis. Døme: «Dokumenterer skolen kva som blir gjort for å oppfylle plikta til å følge med og gripe inn, varsle og undersøke?»

1.4 Om tilsynsrapporten

Våre vurderingar i denne rapporten byggjer i hovudsak på opplysningar som kjem fram i:

- dokumentasjonen de har sendt inn (sjå oversikt i vedlegg)
- eigenvurdering i Reflex²
- informasjon frå våre eigne system og offentlege register
- informasjon på skolen sin nettstad
- intervju med rektor, lærarar, sosialrådgivar, miljøarbeidar, og foredrerepresentantar
- Intervju og skolevandring med elevrepresentantar

Denne rapporten gjeld tilsynet på Frakkagjerd ungdomsskole.

Tilsynsrapporten inneheld informasjon om kva pålegg som er aktuelle å vedta etter at rettefristen etter kommunelova kapittel 30 er ute.

Rapporten er offentleg og vil bli publisert på Fylkesmannen si heimeside.

1.5 Brot på regelverket og varsel om pålegg

Vi varslar kommunen om pålegg som gjeld:

- Skolen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø
- Skolen si plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre

1.6 Status på rapporten og vegen vidare

Tysvær kommune fekk tilsendt førebels tilsynsrapport 18. november 2019 og fekk frist til 9. november 2019 med å kommentere rapporten.

Me har ikkje motteke tilbakemelding frå kommunen på den førebelse rapporten.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir følgt, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for tilsynsrapporten.

Karmøy kommune får en frist til å rette regelverksbruddene, jf. kommunelova kapittel 30.

Frist for retting er 1. april 2020.

² RefLex er eit nettbasert verktøy som skal gi barnehagar, barnehagemynde, offentlege og frittstående skolar og skoleeigarar hjelp til å vurdere om eigen praksis er i samsvar med regelverket

2 Skolen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø

Denne delen omfattar tre deltema

- plikta til å følge med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 og 9 A-4
- plikta til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom ein som arbeider på skolen krenker ein eller fleire elevar, jf. opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-5
- plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 og 9 A-4

2.1 Plikta til å følge med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

2.1.1 Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar

Alle som jobbar på skolen skal ha kunnskap om at det er elevens eiga oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skolemiljø

Rettsleg grunnlag

Det er elevens eiga subjektive oppleving av skolemiljøet som avgjer om elevens rett til eit trygt og godt skolemiljø er oppfylt. For at skolen skal kunne oppfylle aktivitetsplikta, må alle som arbeider på skolen ta utgangspunkt i korleis eleven sjølv opplever at skolemiljøet verkar på eiga helse, trivsel og læring.

Har alle som jobbar på skolen kunnskap om at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skolemiljø?

Våre observasjonar og vurderingar

I *Plan for eit trygt og godt skolemiljø* (heretter omtalt som *Plan*) står det at *plikten til å undersøke innebærer at skolen undersøker elevens opplevelse av skolemiljøet*. Under omtalen av plikta til å sette inn tiltak, står det at *elevens egen opplevelse av skolemiljøet er avgjørende for plikten til å sette inn tiltak*. Sosialrådgivar har, som omtalt i dokumentet *Fordeling av arbeidsoppgåver*, i oppgåve å gjennomgå planen. I intervjuet blir det stadfesta at planen blir gjennomgått i personalet. Vidare stadfestar tilsette at dei er kjende med at det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om elevens rett til eit trygt og godt skolemiljø er oppfylt, og at ho blir lagt til grunn for å sette i gong undersøkingar. I mal for aktivitetsplan er det også presisert at elevens subjektive oppleving skal leggjast til grunn for omtalen av kva som er utfordringa.

Fylkesmannens vurdering er at skolen oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

Plikta til å følge med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø

Rettsleg grunnlag

Alle som jobbar på skolen skal vere merksame på forhold eller åtferd som kan tyde på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Dei skal følge spesielt godt med på sårbare elevar. De må skaffe dykk informasjon frå elevane om korleis dei opplever skolemiljøet. Det er elevane si eiga subjektive oppleving av skolemiljøet som er avgjerande. De skal dokumentere korleis de følger med. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skolen veit at dei skal følge med, og følge opp at det blir gjort.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skolen følger med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og at dei følger spesielt godt med på elevar som kan vere særskilt sårbare?

Våre observasjonar og vurderingar

Formålet med plikta til å følge med er omtalt i *Plan* s.6. Gjennom intervju er vi kjende med at sosialrådgivar gjennomgår planen med lærarar og miljøarbeidarar. Plikta omfattar derimot også vaksne som jobbar med andre oppgåver eller yter tenester på skolen. Vi finn ikkje i skolens dokumentasjon ein rutine eller framgangsmåte for at "alle" skal få kjennskap til plikta om å følge med. Rektor må også informere eksempelvis vaktmeister, reinhaldarar og skolehelsetenesta.

Alle som jobbar på skolen skal vere **merksame på forhold eller åtferd** som kan tyde på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Omtalen i *Plan* om å følge med har føringar for kva dei som arbeider på skolen skal vere merksame på. Det blir nemnt elevens veremåte, endring i det sosiale samspelet og når ein elev sjølv seier ifrå. Det er vidare poengtert at elevens meining og oppleving er viktig. Vi er gjennom svara i Reflex og intervjua opplyste om at skolen er i gang med kompetanseheving gjennom MOOC, og at eitt av tema der er korleis tilsette kan kjenne att teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt. Tilsette stadfestar i intervjua at dei opplever å vere i god gang med kompetansehevinga på dette området. Vi vurderer på dette grunnlaget at skolen har ein framgangsmåte for at alle som arbeider på skolen kjenner til korleis dei skal vere merksame på forhold eller oppførsel som kan tyde på at ein elev ikkje har det trygt og godt.

Likevel får vi gjennom intervjua kjennskap til at det m.a. ikkje føreligg ei vakrutine, og at tilsette har ulik praksis for å følge med. I Reflex svarer rektor at det *ikkje føreligg noko system for å kvalitetssikre at dette faktisk skjer eller dokumentasjon på at det blir gjort. Men det er sagt til alle at det er ei forventning og plikt til å gjere dette.* I samtalen med elevane kjem det fram at det skjer ein del m.a. i klasseromma i midttimen som dei vaksne ikkje får med seg, og at dei opplever at vaksne kan ha ulik praksis for kor tett dei er på elevane. På dette grunnlaget vurderer vi at rektor ikkje har ein fastsett framgangsmåte for korleis og kva dei tilsette skal følge med på i friminutta.

Vi er kjende med at elevane har lov til å vere inne i friminutta, og at dei har lov til å gå utanfor skolen sitt område. Dette gir store område å følge med på. I tillegg er vi kjende med at skolen har utfordringar med åtferd, spesielt på eitt trinn. Begge desse forholda aukar risikoen for at elevar ikkje har det trygt og godt, og skjerpar kravet til ein framgangsmåte og til at rektor følger opp at den blir brukt i praksis.

I *Plan* er det lista opp metodar og verktøy skolen nyttar for å få opplysningar om korleis elevane opplever skolemiljøet. Svar i Reflex og intervju stadfestar at skolen, som ein del av det systematiske arbeidet, gjennomfører elevsamtalar, utviklingssamtalar, Elevundersøkinga og Spekter. Vidare står det i planen at skolen gjennomfører oppfølgingsarbeid knytt til resultat ved

at leiinga ved skolen presenterer resultatata for lærarane i klassen. I intervju med tilsette blir denne rutinen stadfesta. På dette grunnlaget vurderer vi at skolen har eit system for å få vite korleis elevane opplever skolemiljøet.

Plikta knytt til dette punktet omhandlar også at alle som jobbar på skolen er kjende med kva forhold rundt ein elev som kan gjere han **særskilt sårbar**. Rektor viser i Reflex til kompetanseheving gjennom MOOC. Det er likevel ikkje dokumentert at dette har vore tema til nå. Vi finn ikkje at *Plan* omtaler temaet. I intervju blir det ikkje stadfesta at tilsette er gjort kjent med forhold som kan gjere ein elev særskilt sårbar.

Vidare omfattar plikta at alle som jobbar på skolen følger spesielt godt med på korleis elevar med ei særskilt sårbarheit har det på skolen. I intervju blir vi opplyste om at sosialrådgivar informerer kontaktlærer og trinnet om elevar som det skal følgast ekstra godt med på, og tilsette stadfestar i intervju at dei er meir observante på desse elevane. Vi finn likevel ikkje at skolen har ein fastsett framgangsmåte for å sikre dette arbeidet. I Reflex og i intervju blir det vist til årshjul for overgang til ungdomsskolen og at det er ei rutine for informasjonsutveksling mellom skulane om *elevar med spesiell informasjon*. Rutinen gir ikkje ytterlegare informasjon om kva dette inneber.

Det er ulike årsaker til at elevar blir særskilt sårbare, det vil kunne variere kven som er meir eller mindre sårbare i løpet av eit skoleløp. Alle som jobbar på skolen har eit ansvar for å kontinuerleg følge med på dette. Av den grunn er det viktig at alle er kjende med kva faktorar som gjer eit barn særskilt sårbart. Det er også viktig å avklare kva det vil seie å følge ekstra godt med på desse elevane, og korleis dei som treng informasjonen om kven som er særskilt sårbare får det. Vi vurderer at skolen ikkje har ein fastsett framgangsmåte for å sikre at alle som jobbar på skolen følger ekstra godt med på elevar som er særskilt sårbare.

Fylkesmannens vurdering er at skolen ikkje oppfyller alle regelverket sine krav på dette punktet.

Plikta til å gripe inn mot krenkingar dersom det er mogleg

Rettsleg grunnlag

Plikta til å gripe inn handlar om straks å stanse negativ åtferd, for eksempel ved å bryte opp ein slåsskamp eller stanse ein utfrysingssituasjon. Alle som jobbar på skolen, skal ha nulltoleranse mot krenkingar som for eksempel utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. De skal dokumentere korleis de grip inn. Rektor skal sørge for at alle som jobbar på skolen grip inn mot krenkingar.

Sørgjer rektor for at alle som jobbar på skolen, grip inn mot krenkingar som til dømes utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogleg?

Våre observasjonar og vurderingar

I *Plan* står det at *alle som arbeidar på skolen skal gripe inn mot mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg*. Vidare omtaler planen kva som kjenneteiknar plikta: *at handlinga skjer straks, og at ho er retta mot å stoppe ein situasjon som går føre seg og er forholdsvis akutt*. Sosialrådgivar har som oppgåve å gjennomgå planen i personalet. Dette blir stadfesta i intervju, og oppgåva er også omtalt i dokumentet *Fordeling av arbeidsoppgåver*. I intervju blir vi

informerte om at skolen dokumenterer plikta ved å skrive merknadar, bruke varslings skjema eller skrive notat til kontaktlærar.

Plikta krev at alle som jobbar på skolen grip inn for å stoppe krenkingar dersom det er mogleg, I Reflex svarer tilsette at dei er kjende med dette. Det blir også i intervjuet nemnt at korleis ein skal gripe inn i situasjonar har vore tema på fellestid. Det føreligg ikkje dokumentasjon for kva som har vore tema på desse møta. Skolen sin *Plan* omtaler ikkje korleis dei vaksne skal gripe inn i ulike situasjonar. I intervjuet kjem det fram at *det er ulik terskel blant dei vaksne for å gripe inn*. Elevane seier også i samtalen vi hadde med dei at dei opplever at dei vaksne har ulik praksis. Rektor sjølv er usikker på om alle oppfyller plikta. Desse opplysningane sår tvil om at rektor har sørga for at alle som jobbar på skolen grip inn mot ulike krenkingar på ein tilstrekkeleg måte. På dette grunnlaget vurderer vi at rektor ikkje sørger for at alle grip inn og straks stansar krenkingar som går føre seg.

Fylkesmannens vurdering er at skolen ikkje oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

Plikta til å varsle rektor

Rettsleg grunnlag

Plikta til å varsle rektor gjeld all mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Tilsvarende gjeld tilfelle der ein elev seier frå om at han eller ho ikkje opplever skolemiljøet som trygt og godt.

Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at eleven ikkje har det trygt og godt på skolen. Saka avgjer kor raskt rektor må få varsel.

De skal dokumentere det de gjer for å varsle.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skolen varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø?

Sikrar rektor at alle som jobbar på skolen, varslar rektor så raskt som saka tilseier?

Våre observasjonar og vurderingar

Framgangsmåten skolen har for varsling må sikre at alle som jobbar på skolen varslar. Han må seie noko om terskelen for å varsle, og må gi føringar for kor raskt det skal varslast om saker til rektor. Plikta til å varsle er omtalt i *Plan* s. 7. Det blir avklart kven som skal ta imot varsla, i kva tilfelle det skal varslast og kva som er formålet med å varsle.

Rektor har delegert til sosialrådgivar å ta imot varsla. I intervjuet blir det stadfesta at sosialrådgivar informerer vidare til rektor i faste møte kvar veke. I alvorlege tilfelle varslar ho rektor med ein gong. Andre tilsette stadfestar i intervjuet at dei er kjende med framgangsmåten. I skrevet *Rutine for varsling* står det derimot at den *voksne varsler rektor skriftlig ved bruk av meldeskjema for skolen*. Dette ikkje i samsvar med framgangsmåten som står i skolen sin *Plan*.

Terskelen for å varsle blir omtalt i *Plan* s. 7, kor det m.a. står at *det skal vere lav terskel for kva som skaper "mistanke om" eller "kjennskap til" at en elev ikkje har et trygt og godt skolemiljø*. I skolen sitt Varslings skjema står det derimot at *skjemaet skal benyttes når det er elever som opplever at*

skolemiljøet ikkje er trygt og godt, enten etter undersøkelser, observasjoner eller når elever melder fra. Desse to framgangsmåtene vurderer vi at ikkje er samsvarande. Det kjem fram i intervjuet at rektor har tatt opp på fellestid om terskel for å varsle. Likevel seier tilsette at dei i praksis enten varslar når dei vurderer behov for ein aktivitetsplan etter at dei har prøvd ut tiltak, eller når dei føler dei treng hjelp i saka. Vi oppfattar at det i praksis ikkje blir varsla "ved mistanke om", eller "kjennskap til", slik som det er føringar for i skolens *Plan*.

Vi konkluderer med at skolen ikkje har ein fastsett framgangsmåte for eller at praksis ved skolen oppfyller plikta til å varsle dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

I intervjuet seier tilsette at det ikkje er avklart i kva saker det skal varslast om straks, eller kva som ligg i uttrykket *så raskt som saka tilseier*. Kor raskt det skal varslast er heller ikkje omtalt nokon stad i skolen sine dokument som vi har fått tilgang til. Vi vurderer på dette grunnlaget at rektor ikkje har ein fastsett framgangsmåte for at det blir varsla så raskt som saka tilseier.

Fylkesmannens vurdering er at skolen ikkje oppfyller regelverket sine krav på desse punkta.

Varslar rektor skoleeigar om alvorlege tilfelle, inkludert tilfelle der skolen ikkje har klart å løyse ei sak?

Rettsleg grunnlag

Rektor skal varsle skoleeigaren om alvorlege tilfelle. Dette kan gjelde saker der krenkingane er særleg valdelege eller integritetskrenkjande, eller der skolen over noko tid ikkje har klart å løyse ei sak. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skolen veit at dei skal varsle, og følge opp at det blir gjort.

Våre observasjonar og vurderingar

Plikta er omtalt i Rutine for varsling, kor det står i pkt. 4 at *rektor skal vurdere vidare varsling*. Rektor svarer ja på spørsmålet i Reflex, og stadfestar dette i intervjuet.

Fylkesmannens vurdering er at skolen oppfyller regelverket sine krav på dette punktet

Plikta til å undersøke alle saker

Rettsleg grunnlag

Så snart de får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal de undersøke saka nærare.

Alle elevar som er involvert i saka, har rett til å uttale seg. De skal legg til rette for og ufarleggjere samtalen. Elevane kan ha med seg foreldra eller andre som støtte.

Undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for eleven si oppleving og kva i eleven sine omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skolemiljøet. De må innhente nok informasjon til å avdekke kva som har skjedd, og om éin eller fleire elevar opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. De skal dokumentere korleis de undersøker saka. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skolen veit at de skal undersøke, og følge opp at det blir gjort.

Sikrar rektor at skolen undersøker saka når rektor får varsel frå ein tilsett ved skolen, eller ein elev seier frå om at skolemiljøet ikkje er trygt og godt?

Sikrar rektor at skolen undersøker saka snarast?

Våre observasjonar og vurderingar

Plikta til å undersøke stiller krav til at alle involverte partar i saka skal få uttale seg. I Rutine for varsling står det at *rektor/inspektør/sosialrådgivar undersøker saka og snakker med eleven viss behov for utdypning*. I mal for aktivitetsplan er det eit eige punkt for "Hva mener eleven". I innsendte aktivitetsplanar er det referert til kva eleven meiner. Det går fram av intervju at skolen har praksis for å høyre eleven som ikkje har det trygt og godt. Vi finn derimot ikkje dokumentasjon på at skolen har ein fastsett framgangsmåte som i praksis sikrar at *alle involverte* elevar får uttale seg i alle sakene som blir undersøkt.

Plikta til å undersøke krev at skolen undersøker sakene *tilstrekkeleg grundig*. I *Plan* står det m.a. at undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for eleven si oppleving og kva i eleven sine omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skolemiljøet. I intervju går det fram at det blir gjennomført samtalar med elevar og foreldre og at det i nokre tilfelle blir laga eller brukt sosiogram, men at det er opp til kvar einskild korleis det skal undersøkast. Vi finn ikkje at skolen har ein fastsett framgangsmåte for å sikre at sakene blir undersøkt tilstrekkeleg grundig.

Tidsperspektivet er ikkje nemnt eller omtalt i *Plan* eller i Rutine for varsling i 9A-4 saker. Svara i Reflex og intervju stadfestar at det er kjent at når dei får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal dei undersøke saka nærare. Vi oppfattar at terskelen for å samtale med elevar i praksis er lav. Likevel blir det ikkje stadfesta at det er avklart kva "snarast" har å seie for kor raskt det skal setjast i gong undersøkingar. På dette grunnlaget vurderer vi at rektor ikkje har ein fastsett framgangsmåte som sikrar at skolen undersøker saka snarast.

Fylkesmannens vurdering er at skolen ikkje oppfyller regelverket sine krav på desse punkta.

Eleven skal få uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen

Rettsleg grunnlag

Eleven skal få nødvendig informasjon for å kunne ta stilling til om han eller ho vil uttale seg, kva saka gjeld, og kvifor og korleis de skal gjennomføre samtalen, jf. opplæringslova § 9 A-4 femte ledd. De skal legg til rette for og ufarleggjere samtalen og sørge for at den er tilpassa eleven sin alder og mogning. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegne.

Sikrar rektor at eleven får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen?

Våre observasjonar og vurderingar

I skolen sin mal for aktivitetsplan er det eit eige punkt som sikrar at eleven blir høyrte om kva som er skjedd i saka. Det er spesifikt nemnt i denne at eleven skal få høve til å uttale seg om innhaldet i aktivitetsplanen, dvs. kva tiltak som kan vere eigna til å gje eit trygt og godt skolemiljø for eleven. I intervju kjem det fram at elevar og føresette kan koma med innspel til aktivitetsplanen både

før den er utarbeidd, og etter at den er sendt ut. Innsendte aktivitetsplanar viser at dette blir gjort.

Fylkesmannen si vurdering er at Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

Skolen skal sette inn eigna tiltak for å gi eleven eit trygt og godt skolemiljø

Rettsleg grunnlag

Plikta til å sette inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skolemiljøet som trygt og godt.

De må ta stilling til kva som er eleven sitt beste i saka. Dette gjeld også for andre elevar som er involvert i saka eller blir direkte påverka av tiltaka. Momenta i vurderinga kan vere eleven sitt syn på kva som bør vere innhaldet i aktivitetsplanen, eleven sin identitet og karaktertrekk og eigenskapar, familiemiljø og nære relasjonar, vern, omsorg og tryggleik, sårbarheit eller sårbare situasjonar, eleven sin rett til liv og utvikling, eleven sin fysiske og psykiske helse og eleven sin rett til utdanning. Det skal sterke omsyn til for at de kan sette eleven sitt beste til side. De må ta stilling til kor stor vekt eleven sitt beste skal ha.

Sikrar rektor at skolen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skolemiljø ikkje er oppfylt?

Våre observasjonar og vurderingar

Det går fram av *Plan* s. 8-9 at det skal settast inn eigna tiltak når ein elev opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. Planen definerer dette som *eit tiltak som kan gi eleven eit trygt og godt skolemiljø*. Det går også fram at barnets beste skal vere eit overordna omsyn, og barnet sin rett til å bli høyrte skal og ivaretakast. Det heiter også at tiltak skal iverksettast så lenge eleven opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. I intervjuet går det fram at skolen sjølv meiner at ein alltid set inn eigna tiltak når ein elev opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. Vedlagte aktivitetsplaner viser breidde i tiltaka, dvs. tiltak blir sett inn på både individnivå, gruppenivå og systemnivå (klassemøter, gruppeinndeling etc.). Likevel går det ikkje fram i skolen sine planar eller rutinar korleis ein sikrar at tiltaka er forankra i kunnskap, prinsipp eller verdiar som er anerkjent av kompetente fagmiljø. Dette blir heller ikkje synleggjort i skolen sin praksis, til dømes ved grunngjeving av tiltaka i aktivitetsplanane. Fylkesmannens vurdering er at rektor ikkje sikrar at skolen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til et trygt og godt skolemiljø ikke er oppfylt.

Fylkesmannens vurdering er at Frakkagjerd ungdomsskole ikkje oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

2.1.2 Våre konklusjonar

Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller regelverket sine krav på desse punkta:

- Alle som jobbar på skolen har kunnskap om at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skolemiljø.

- Rektor varslar skoleeigar om alvorlege tilfelle, inkludert tilfelle der skolen ikkje har klart å løyse ei sak.
- Rektor sikrar at eleven får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.

Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller ikkje regelverket sine krav på desse punkta:

- Rektor sikrar ikkje at alle som jobbar på skolen følger med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og at dei følger spesielt godt med på elevar som kan vere særskilt sårbare.
- Rektor sørger ikkje for at alle som jobbar på skolen, grip inn mot krenkingar som til dømes utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogleg.
- Rektor sikrar ikkje at alle som jobbar på skolen varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø .
- Rektor sikrar ikkje at alle som jobbar på skolen, varslar rektor så raskt som saka tilseier.
- Rektor sikrar ikkje at skolen undersøker saka når rektor får varsel frå ein tilsett ved skolen, eller ein elev seier frå om at skolemiljøet ikkje er trygt og godt.
- Rektor sikrar ikkje at skolen undersøker saka snarast.
- Rektor sikrar ikkje at skolen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skolemiljø ikkje er oppfylt.

2.2 Plikta til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom ein som jobbar på skolen, krenker ein eller fleire elevar

2.2.1 Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar

Alle som jobbar på skolen, skal varsle rektor straks ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen har krenka ein eller fleire elevar. Dersom det er ein tilsett i skoleleiinga som krenker elevar, skal den som jobbar på skolen, varsle skoleeigaren i staden for rektor.

Rettsleg grunnlag

Alle som jobbar på skolen, skal varsle rektor straks, dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, krenkjer ein eller fleire elevar. Rektor skal varsle skoleeigaren straks. Dersom det er ein tilsett i skoleleiinga som krenkjer elevar, skal skoleeigaren få varsel i staden for rektor. De skal dokumentere korleis de varslar.

Kva som er å krenkje, skal de tolke vidt. Det kan vere direkte krenkingar, men også meir indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking. Korleis elevane opplevde krenkinga, har ikkje noko å seie for plikta til å varsle. Det er tilstrekkeleg med mistanke for at plikta til å varsle inntre. Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at ein som jobbar på skolen, krenkjer ein eller fleire elevar.

De skal gi elevane som har vorte krenkte, beskjed om at de kjem til å varsle rektor eller skoleeigaren om saka, med mindre dette hindrar at de kan varsle raskt nok.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skolen veit at de skal varsle, og følge opp at det blir gjort.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skolen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, har krenka ein eller fleire elevar?

Sikrar rektor at dei tilsette varslar direkte til skoleeigar dersom mistanken gjeld ein i skoleleiinga?

Våre observasjonar og vurderingar

Det går fram av *Plan* s.6 at tilsette skal varsle rektor dersom ein har mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, og dette skuldast ein annan tilsett. I tillegg har skolen ein eigen *Rutine for varsling etter opplæringslova § 9A-5*. I svara i Reflex går det fram at tilsette blir informerte om denne plikta. Rektor opplyser også at rutinen er lagt fram for tilsette på første planleggingsdag, i tillegg til at den er lagt på Teams, som er skolen si læringsplattform der planer og rutiner for lærarane blir lagt. Det går også fram av rutinen for varsling at rektor skal varslast straks. Fylkesmannen meiner derfor at rektor sikrar desse punkta.

Fylkesmannen vurderer at Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

Skolen skal undersøke saka straks

Rettsleg grunnlag

De må undersøke kva som har skjedd. De skal dokumentere korleis de undersøker saka.

Dersom undersøkinga viser at ein som jobbar på skolen, har krenkt elevar, må de undersøke korleis elevane opplevde dette. Dersom det er elevar som ikkje har eit trygt og godt skolemiljø som følge av krenkingane, må de vurdere kva for tiltak de skal sette inn.

Ein elev som krenkinga direkte rettar seg mot, har rett til å uttale seg. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner. Dersom krenkinga rettar seg mot ei større gruppe elevar, for eksempel ein klasse, kan det vere tilstrekkeleg å snakke med klassen samla eller med ein del av elevane.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skolen veit at de skal undersøke, og følge opp at det blir gjort.

Sikrar rektor at skolen undersøker saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, har krenka ein eller fleire elevar?

Sikrar rektor at skolen undersøker saka straks?

Våre observasjonar og vurderingar

Det går fram av Rutinen for varsling at skolen skal undersøke saka straks. Framgangsmåte er fastsett i rutinen. Det heiter mellom anna at *rektor vil undersøke saken straks, og finne ut hva som er skjedd. Om det er skjedd krenkelser og hvilke elever som er berørt. Hvis undersøkelsen viser at en*

som jobber på skolen har krenket elever, må rektor undersøke hvordan eleven opplevde dette. Videre går det fram at en elev som krenkelsen direkte retter seg mot har rett til å uttale seg. Det går nærmere fram hvordan det skal legges til rette for at eleven får komme til orde på en god måte. Det er ikkje fastsett noko i denne rutinen eller anna stad om korleis dokumentering av undersøkingane skal gjerast. Dermed kan ein ikkje seie at rektor sikrar undersøkingane tilstrekkeleg.

Fylkesmannen vurderer at Frakkagjerd ungdomsskole ikkje oppfyller regelverket sine krav på desse punkta.

2.2.2 Våre konklusjonar

Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller regelverket sine krav på desse punkta:

- Rektor sikrar at alle som jobbar på skolen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, har krenka ein eller fleire elevar.
- Rektor sikrar at dei tilsette varslar direkte til skoleeigar dersom mistanken gjeld ein i skoleleiinga.

Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller ikkje regelverket sine krav på desse punkta:

- Rektor sikrar ikkje at skolen undersøker saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, har krenka ein eller fleire elevar.
- Rektor sikrar ikkje at skolen undersøker saka straks

2.3 Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak

2.3.1 Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar

Skolen skal lage ein skriftleg aktivitetsplan for eleven

Rettsleg grunnlag

De skal lage ein skriftleg plan som skal beskrive kva for ein elev planen gjeld, kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak de har planlagt, når de skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka, og når de skal evaluere tiltaka.

Eleven og foreldra til eleven som saka gjeld, har rett til å få dei delane av aktivitetsplanen som omhandlar eleven. Dersom eleven er over 18 år, har ikkje foreldre rett til å få planen.

Lagar skolen ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skolen skal sette inn tiltak i ei sak?

Får eleven og foreldra som saka gjeld, aktivitetsplanen frå skolen?

Våre observasjonar og vurderingar

Skolen har ein mal for aktivitetsplan som dei bruker. Denne har eigen rubrikk som sikrar at kvart av krava til aktivitetsplan blir ivareteken. Det går også fram av *Plan* at skolen skal utarbeide

aktivitetsplan når ein set inn tiltak, og krava til aktivitetsplanen går også fram her. Intervju og svar i Reflex viser at dette blir gjort. Rektor opplyser også om at aktivitetsplanen blir sendt til elev og føresette. Fylkesmannen si vurdering er at skolen lager ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skolen set inn tiltak i ei sak, og at eleven og føresette som saka gjeld får aktivitetsplanen frå skolen.

Fylkesmannen vurderer at Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller regelverket sine krav på desse punkta.

Skolen skal evaluere og tilpasse tiltaka

Rettsleg grunnlag

De må gjennomføre alle tiltaka som følger av planen. Vidare må de dokumentere at de gjennomfører tiltak i tråd med planen.

For å kunne evaluere tiltaka, må de skaffe dykk tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka. Eleven som tiltaka gjeld, har rett til å uttale seg. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

De må vurdere korleis tiltaka har verka. De må endre tiltaka eller sette inn nye tiltak, dersom eleven framleis opplever å ikkje ha eit trygt og godt skolemiljø. Evalueringa kan også føre til at de forlengjer tiltak som verkar. De skal fortsette med å sette inn tiltak, så lenge eleven ikkje opplever at skolemiljøet er trygt og godt, og det finst eigna tiltak som skolen kan sette inn.

De skal informere elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til fylkesmannen dersom dei meiner at skolen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9 A-9 første ledd.

Følger rektor opp at skolen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen?

Våre observasjonar og vurderingar

Det går fram av *Plan* s.9 under overskrifta «oppfølging», at leiinga og sosialrådgivar samarbeider jamleg og kontrollerer at meldeskjema og aktivitetsplanar blir fulgt opp og evaluert. Dette er også eit tema på faste fredagsmøter mellom rektor og sosialrådgivar. Intervju og dokumentasjon viser at sosialrådgivar, som ein del av leiinga, er den som har oversikt over sakene og følger dei tett opp. Fylkesmannen meiner dette viser at skolen har laga eit system for å følge opp at tiltaka blir gjennomført i tråd med aktivitetsplanen, og dette blir gjort i praksis.

Fylkesmannen vurderer at Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

Sikrar rektor at skolen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, inkludert eleven sitt syn på korleis tiltaka har verka, og kva endringar eleven ønsker?

Våre observasjonar og vurderingar

Det går fram av *Plan* s. 9 at eleven si oppleving skal ligge til grunn for vurderinga av om tiltaka skal førast vidare, eller om det må setjast inn andre og meir intensive tiltak. Det går også fram av

aktivitetsplanar at dette blir gjort. Det går også fram av aktivitetsplanar at skolen innhentar informasjon frå fleire hald, mellom anna føresette, kontaktlærar og skolehelsetenesta. Det går ikkje fram av *Plan* eller anna rutine, kva meir informasjon som skal innhentast for å vurdere korleis tiltaka har verka. Fylkesmannen meiner derfor at skolen sin fastsette framgangsmåte ikkje femner breitt nok, slik at det ikkje blir sikra at skolen innhentar tilstrekkeleg informasjon i kvar sak.

Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller ikkje regelverket sine krav på dette punktet.

Sørger rektor for at skolen tilpassar tiltaka på grunnlag av informasjon om korleis tiltaka har verka og elevens syn?

Våre observasjonar og vurderingar

Det går fram av *Plan* s.9 og av malen for aktivitetsplan at skolen skal endre tiltaka eller sette inn andre tiltak etter kvart dersom det er behov for det. Det går likevel ikkje fram av *Plan* eller malen at eleven sitt syn må innhentast i desse sakene, men rektor opplyser i Reflex at dette blir gjort. På dette pkt. er det ikkje krav om at skolen må ha ein fastsett framgangsmåte. Vedlagte aktivitetsplanar viser døme på at skolen endrar og tilpassar tiltaka på grunnlag av informasjon på evalueringsmøte om verknaden. Praxis viser derfor at rektor sørger for at tiltaka blir tilpassa på grunnlag av informasjon om korleis tiltaka her verka. Eleven får også kome til orde her.

Fylkesmannen vurderer at Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

Informerer skolen elevar og foreldre som meiner at skolen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen?

Våre observasjonar og vurderingar

Det går fram av mal for aktivitetsplanen at føresette eller eleven kan melde frå til Fylkesmannen dersom ein ikkje er nøgd med med det skolen gjer i saka. Det blir også teke opp på foreldremøte, og ligg på skolen si nettside.

Fylkesmannens vurdering er at Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

2.3.2 Våre konklusjonar

Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller regelverket sine krav på desse punkta:

- Skolen lagar ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skolen skal sette inn tiltak i ei sak.
- Eleven og foreldra som saka gjeld, får aktivitetsplanen frå skolen.
- Rektor følger opp at skolen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen.
- Rektor sørger for at skolen tilpassar tiltaka på grunnlag av informasjon om korleis tiltaka har verka og eleven sitt syn.
- Skolen informerer elevar og foreldre som meiner at skolen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen.

Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller ikkje regelverket sine krav på desse punkta:

- Rektor sikrar ikkje at skolen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har verka, og kva endringar eleven ønsker.

3 Skolen si plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre

3.1 Plikta til å arbeide førebyggjande, kontinuerleg og systematisk for å fremme eit trygt og godt skolemiljø

3.1.1 Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar

Elevane skal få delta i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for å skape eit trygt og godt skolemiljø

Rettsleg grunnlag

Elevane skal få delta i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for å skape eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-8 første ledd. Elevane kan bli involverte gjennom for eksempel aktivitetar og dialog i kvardagen, og gjennom planlagde samtalar og møte. Korleis elevane skal ta del i arbeidet, skal de tilpasse til saka og alderen og føresetnadene til elevane.

Sikrar rektor at elevane får ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø?

Våre observasjonar og vurderingar

Det er eit krav at elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø, men det er opp til skolen å bestemma kva framgangsmåte som er føremålstenleg for den enkelte skole. I *Plan* står det at elevane skal medverka i det førebyggjande arbeidet mellom anna ved *rutiner på skole-trinn-klasse, elevråd, trivselsledere, MOT-elever, miljøelever*. Fylkesmannen kjenner ikkje til ein bestemt framgangsmåte eller årshjul for korleis elevane i praksis skal involverast i arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.

I intervju og svar i Reflex kjem det fram at elevane ved Frakkagjerd ungdomsskole deltek i fleire aktivitetar som har til hensikt å fremja eit godt skolemiljø. Til dømes deltek elevane i Trivselsleiar- og MOT-programma, eit utval elevar på 10. trinn er miljøelevar i midttimen og skolen har elevråd som har jamlege møte. Referat frå elevråd viser at elevrådet uttalar seg om endringar i timeplan og vaktrutar, og evaluering av ulike aktivitetar. Fylkesmannen ser at skolen lyttar til elevrådet sine innspel og at saker kjem tilbake til elevrådet for vidare oppfølging. Desse funna viser at elevane i noko grad deltek i gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.

Kravet er at rektor skal sikra at elevane er involverte i *både* planlegginga og gjennomføringa av arbeidet, og det må vera ein bestemt framgangsmåte for dette. Det er ikkje nok at elevane deltek

i gjennomføringa av aktivitetar, elevane bør òg ta del i saker som handlar om Elevundersøkinga, ordensreglane og *Plan*.

Fylkesmannens vurdering er at skolen ikkje oppfyller alle regelverket sine krav på dette punktet.

Alle som jobbar på skolen, skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skolemiljø. Lærarane som jobbar på skolen, skal fremme ei positiv samhandling i klassemiljøet.

Rettsleg grunnlag

Rektor skal sørge for at alle som jobbar på skolen, skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-3. Rektor skal også jobbe for at lærarane skal fremme ei positiv samhandling i klassemiljøet. For å få til dette må lærarane ha nødvendig kompetanse og tilstrekkeleg tid.

Skolemiljøet skal verke positivt på helse, trivsel og læring, på tryggleik og sosial tilhøyrse. Arbeidet skal strekke seg lenger enn å hindre krenkingar, og det må omfatte haldningar, verdiar, undervisningspraksis, relasjonar og leiing.

Jobbar rektor for at skolen skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skolemiljø?

Jobbar rektor for at lærarane skal fremme ei positiv samhandling i klassemiljøet?

Våre observasjonar og vurderingar

I oppstarten av skoleåret informerte rektor og sosialrådgjevar om fleire sentrale dokument og rutinar på Frakkagjerd ungdomsskole:

- Plan skolemiljø
- Meldeskjema §9A-4 og §9A-5
- Mal for aktivitetsplan
- Sosial læreplan

Desse dokumenta viser kva haldningar og verdiar som skal prega skolen sin praksis, og dei er gjort tilgjengeleg for dei tilsette både på fellestid og dei tilsette sitt fellesområde.

I intervju med dei tilsette på Frakkagjerd ungdomsskole kjem det fram at elevsyn og haldningar er jamleg tema på fellestid, og at dei tilsette har diskutert case. Skolen deltek òg i Utdanningdirektoratet sitt nettbaserte kompetansehevingprogram om inkluderande skolemiljø, der tredje modul handlar om å fremja miljø og førebygga krenkingar.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at Frakkagjerd ungdomsskole har ein bestemt framgangsmåte for å følge opp tilsette dersom dei skulle avvika frå desse forventningane. Det er likevel ikkje eit rettsleg krav å ha ein bestemt framgangsmåte, og Fylkesmannen vurderer derfor at rektor jobbar for at skolen skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skolemiljø, og at lærarane skal fremme ei positiv samhandling i klassemiljøet.

Fylkesmannens vurdering er at skolen oppfyller regelverket sine krav på desse punkta.

Skolen skal evaluere sitt samla arbeid for eit trygt og godt skolemiljø

Rettsleg grunnlag

Skolen skal arbeidet med skolemiljøet basert på synspunkt frå tilsette, elevar og foreldre. Dersom evalueringa viser at de ikkje oppfyller krava som følger av opplæringslova kapittel 9 A, må de gjere endringar i måten de jobbar på, slik at krava blir oppfylte.

Evaluering av skolen det førebyggjande arbeidet med skolemiljøet basert på mellom anna synspunkta frå elevane, foreldra og tilsette?

Våre observasjonar og vurderingar

I *Plan* står det i siste avsnitt at skolen skal innen 15. Juni hvert år ha evaluert skolens praksis i forhold til skolens skolemiljøarbeid. Vidare står det at evalueringa skal vere skriftleg og at revidering av planen skal skje i samarbeid mellom ledelse, ansatte, elevråd, FAU og SU. Skolen har altså ein skriftleg framgangsmåte som seier kva som skal evaluerast, opp mot kva kriterium, kven som skal bidra og kor tid evalueringa skal skje.

Den innsende dokumentasjonen viser ikkje innkallingar eller referat frå FAU, SU eller SMU, og Fylkesmannen kan derfor ikkje sjå at skolen hentar inn foreldra sine synspunkt når dei evaluerer det førebyggjande arbeidet. Rektor stadfester i intervju at det ikkje er rutine for dette. Referata frå elevrådsmøta viser heller ikkje at skolemiljøarbeidet har blitt evaluert i elevrådet. I intervju og Reflex svarer skolen at resultatane frå Elevundersøkinga blir lagt til grunn for evalueringa, men det er ulike meiningar om *Plan* blir evaluert i personalet. Fylkesmannen har ikkje blitt kjent med skriftlege evalueringar av skolemiljøarbeidet, jamfør framgangsmåten i *Plan*.

Fylkesmannen si vurdering er at sjølv om skolen har lagt fram ein skriftleg framgangsmåte, følger ikkje Frakkagjerd ungdomsskole denne framgangsmåten i praksis.

Fylkesmannens vurdering er at skolen ikkje oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

3.1.2 Våre konklusjonar

Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller krava i regelverket på desse punkta:

- Rektor jobbar for at skolen skal praktisere haldningar og verdiar som bidrar til eit trygt og godt skolemiljø.
- Rektor jobbar for at lærarane skal fremme ei positiv samhandling i klassemiljøet.

Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller ikkje krava i regelverket på desse punkta:

- Rektor sikrar ikkje at elevane får ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.
- Skolen evaluerer ikkje det førebyggjande arbeidet med skolemiljøet basert på mellom anna synspunkta frå elevane, foreldra og tilsette.

3.2 Plikta til å informere og involvere elevar og foreldre i arbeidet med skolemiljøet

3.2.1 Rettslege krav, våre observasjonar og vurderingar

Skolen skal gi elevane og foreldra informasjon om retten til eit trygt og godt skolemiljø

Rettsleg grunnlag

Skolen skal gi elevane og foreldra informasjon om retten til eit trygt og godt skolemiljø, skolen si aktivitetsplikt og retten til å melde ei sak til fylkesmannen, jf. opplæringslova

§ 9A-9 første ledd. De må gi informasjonen på ein måte og i eit omfang som gjer at elevane og foreldra kan ta hand om sine rettar etter lova.

Gir skolen elevane og foreldra informasjon om retten til et trygt og godt skolemiljø, om skolen si aktivitetsplikt og om retten til å melde ei sak til fylkesmannen?

Våre observasjonar og vurderingar

I intervju og Reflex seier dei tilsette at Utdanningsdirektoratet sin plakat *Har du det trygt og godt på skolen* skal henga i alle klasserom. Fylkesmannen observerer på skolevandringa at plakaten heng synleg fleire stader på skolen. Sosialrådgjevar informerer elevane om deira rettigheter i oppstarten av kvart skoleår, i tillegg til at ho informerer på MOT-leiren for dei nye 8. klassingane. Elevrådsrepresentantane stadfester at skolen har informert dei om retten til trygt og godt skolemiljø.

Skolen opplyser at dei informerer om rettane til elevane og pliktene til skolen på foreldremøta i oppstarten av kvart skoleår. Dette skjer både felles for heile trinnet, og blir deretter repetert i klassane. Foreldrerepresentantane stadfester dette, sjølv om dei er noko usikre om skolen har informert om retten til å melda ei sak til fylkesmannen. Frakkagjerd ungdomsskole informerer om både retten til trygt og godt skolemiljø, aktivitetsplikta til skolen og korleis ein kan melda sak til fylkesmannen på sine nettsider.

Fylkesmannens vurdering er at skolen oppfyller regelverket sine krav på dette punktet.

Skolen skal informere aktuelle råd og utval om rett til innsyn og rett til å uttale seg i saker som er viktige for skolemiljø.

Skolen må informere aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skolemiljøet.

Rettsleg grunnlag

De skal informere aktuelle råd og utval om deira rett til innsyn i dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9A-3 andre ledd. De skal i tillegg informere aktuelle råd og utval om at dei har rett til å uttale seg i alle saker som er viktige for skolemiljøet. Kva for organ som er aktuelle, vil variere etter type skole.

De skal informere aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skolemiljøet, jf. opplæringslova § 9A-9 tredje ledd. Skolen må sjølv ta initiativ til å orientere råda og utvala når ny relevant

informasjon er tilgjengeleg eller kommen fram. Kravet om at det må vere viktig for skolemiljøet, betyr at de ikkje treng å informere om daglegdagse enkelthendingar eller mindre endringar av rutinar.

De skal så tidleg som mogleg ta aktuelle råd og utval med i arbeidet med skolemiljøtiltak, jf. opplæringslova § 9A-9 tredje ledd. De må ta råda og utvala med i arbeidet tidleg nok til at dei får ein reell innverknad.

Sikrar rektor at skolen informerer aktuelle råd og utval om deira rett til innsyn i dokumentasjon som gjelder det systematiske arbeidet for et trygt og godt skolemiljø, og at de har rett til å uttale seg i saker som er viktig for skolemiljøet?

Sikrar rektor at skolen informerer aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skolemiljøet?

Sikrar rektor at skolen tar aktuelle råd og utval med i arbeidet med skolemiljøtiltak, og at det skjer så tidleg som mogleg?

Våre observasjonar og vurderingar

Frakkagjerd ungdomsskole har FAU og SU, men ifølge rektor har skolen ikkje SMU. Referat frå FAU-møte 23.10.2019 ligg på skolen si heimeside. I intervjuet seier FAU-representantane at rektor blir kalla inn dersom det er saker han kan informera om. I utgangspunktet har FAU møter ein gong i månaden, men avlyser dersom det ikkje er saker. FAU har blitt informert om endringar i ordensreglementet, men er ikkje orienterte om resultatata av Elevundersøkinga eller *Plan*.

I følge intervjuet var det eitt møte i SU førre skoleår. Det er rektor som kallar inn, og det er ikkje kalla inn til nytt møte. Fylkesmannen er ikkje kjent med innkallingar eller referat frå SU-møter, og dermed heller ikkje om SU behandlar saker om skolemiljø. Vi har heller ikkje sett dokumentasjon som viser at SU er konstituert for dette skoleåret, og om eventuelt om samansetninga er i tråd med opplæringslova. I referat frå elevrådet 29.04.2019 er det vist til møte i SU, og at utviklingsarbeid og læringsmiljø var saker på møtet. Dokumentasjonen viser at SU i praksis ikkje har møter ofte nok til at organet kan vera involverte i skolemiljøarbeidet.

Den 14. mai 2019 gjennomførte skolen ved rektor eit foreldremøte for 8. trinn på *bakgrunn av forverring av skolemiljøet på dette trinnet*. Foreldrekontaktene fekk ansvar for å leia gruppearbeid klassevis og senda referat til rektor i etterkant. I rektor sitt svar *Tilbakemelding til foreldre og foresatte etter innspill levert 14.05.2019* greier rektor ut om bakgrunnen til utfordringane, samt tiltak som skolen skal gjera på systemnivå. Det er viktig å involvera føresette i eit slikt arbeid, og som dei føresette sine representantar, burde FAU ha vore informerte og involverte i dette arbeidet.

Elevrådet har jamlege møte. Referata frå elevrådsmøter skoleåret 2018/19 viser at skolen informerer elevrådet om at skolen planlegg å ta i bruk Spekter-undersøkinga, timeplanendringar og forbod mot å gå til Spar i midttimen. I dei siste to høva viser referata at elevrådet blir tatt med på råd. Rektor har i tillegg regelmessige møte med leiar og nestleiar av elevrådet, som etter Fylkesmannen si vurdering er det er praksis at elevrådet blir tatt med på råd, og at det kan skje så tidleg som mogleg.

I Reflex svarer rektor at han følger opp at skolen informerer aktuelle råd og utval om deira rett til innsyn i dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø *ved revidering og godkjenning av de dokumenter som gjelder for dette*. Rektor opplyser at han her viser til Plan.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at skolen har årshjul eller anna dokumentasjon som viser at skolen har ein bestemt framgangsmåte for å informera dei ulike utvala om skolemiljø, og at dei blir tatt med på råd så tidleg som mogleg. Ordensreglement, resultat av Elevundersøkinga og *Plan for trygt og godt skolemiljø* er sentrale skolemiljø saker som rutinemessig bør opp i dei ulike utvala. Kravet er at rektor skal sikra dette, og skolen må då både vise ein bestemt framgangsmåte, og at rektor følger opp at praksis er i samsvar med framgangsmåten.

Ein føresetnad for å kunna oppfylle pliktene overfor SU og SMU er at organa er konstituerte og har jamlege møte. Rektor må derfor sørge for at desse organa blir oppretta og har minst to møter i halvåret.

Det er Fylkesmannen si vurdering at skolen ikkje oppfyller krava på desse punkta.

Evaluerer skolen arbeidet med å informere og involvere aktuelle råd og utvala basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette?

Våre observasjonar og vurderingar

Den innsende dokumentasjonen, svara i Reflex og intervju viser ikkje at skolen hentar inn synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette på korleis arbeidet med å informera og involvera råd og utval fungerer. Det er ikkje vist til framgangsmåtar eller lagt ved anna dokumentasjon som viser evalueringar av dette arbeidet.

Fylkesmannen si vurdering er at skolen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

3.2.2 Våre konklusjonar

Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller regelverket sine krav på desse punkta:

- Skolen gir elevane og foreldra informasjon om retten til et trygt og godt skolemiljø, om skolen si aktivitetsplikt og om retten til å melde ei sak til fylkesmannen.

Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller ikkje regelverket sine krav på desse punkta

- Rektor sikrar ikkje at skolen informerer aktuelle råd og utval om deira rett til innsyn i dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for et trygt og godt skolemiljø, og at de har rett til å uttale seg i saker som er viktig for skolemiljøet.
- Rektor sikrar ikkje at skolen informerer aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skolemiljøet.
- Rektor sikrar ikkje at skolen tar aktuelle råd og utval med i arbeidet med skolemiljøtiltak, og at det skjer så tidleg som mogleg.
- Skolen evaluerer ikkje arbeidet med å informere og involvere aktuelle råd og utvala basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette.

4 Varsel om pålegg om retting

Vi har funne at de ikkje etterlever regelverket på alle område. Vi varslar at vi vil gjere vedtak kor vi pålegg dykk å rette opp følgande, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-4.

Skolen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø

Tysvær kommune må sørge for at Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller plikta til å følge med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Jf. opplæringslova §§ 9A-2, 9 A-3 og 9 A-4.

Tysvær kommune må i den samanheng sjå til at:

- Rektor sikrar at alle som jobbar på skolen følger med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og at dei følger spesielt godt med på elevar som kan vere særskilt sårbare.
- Rektor sørgjer for at alle som jobbar på skolen, grip inn mot krenkingar som til dømes utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogleg.
- Rektor sikrar at alle som jobbar på skolen varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.
- Rektor sikrar at alle som jobbar på skolen, varslar rektor så raskt som saka tilseier.
- Rektor sikrar at skolen undersøker saka når rektor får varsel frå ein tilsett ved skolen, eller ein elev seier frå om at skolemiljøet ikkje er trygt og godt.
- Rektor sikrar at skolen undersøker saka straks.
- Rektor sikrar at skolen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skolemiljø ikkje er oppfylt.

Tysvær kommune må sørge for at Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller plikta til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, har krenka ein eller fleire elevar, jf. opplæringslova §§ 9A-2, 9 A-3, 9 A-4 og 9A-5.

Tysvær kommune må i den samanheng sjå til at:

- Rektor sikrar at skolen undersøker saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, har krenka ein eller fleire elevar.
- Rektor sikrar at skolen undersøker saka straks.

Tysvær kommune må sørge for at Frakkagjerd ungdomsskole oppfyller plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9 og forvaltningslova § 11.

Tysvær kommune må i den samanheng sjå til at skolen:

- Rektor sikrar at skolen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har verka, og kva endringar eleven ønsker.

Skolen sin plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre

Tysvær kommune må sørge for at Frakkagjerd ungdomsskole jobbar førebyggjande, kontinuerleg og systematisk for å fremme eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 og 9 A-8 første ledd.

Tysvær kommune må i den samanhengen sjå til at:

- Rektor sikrar at elevane får ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.
- Skolen evaluerer det førebyggjande arbeidet med skolemiljøet basert på mellom anna synspunkta frå elevane, foreldra og tilsette.

Tysvær kommune må sørge for at Frakkagjerd ungdomsskole informerer og involverer elevar og foreldre i arbeidet med skolemiljøet, jf. Opplæringslova §§ 9A-3 andre ledd, 9A-9 tredje ledd, 11-1a og forvaltningslova § 11.

Tysvær kommune må i den samanhengen sjå til at:

- Rektor sikrar at skolen informerer aktuelle råd og utval om deira rett til innsyn i dokumentasjon som gjelder det systematiske arbeidet for et trygt og godt skolemiljø, og at de har rett til å uttale seg i saker som er viktig for skolemiljøet.
- Rektor ikkje at skolen informerer aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skolemiljøet.
- Rektor sikrar at skolen tar aktuelle råd og utval med i arbeidet med skolemiljøtiltak, og at det skjer så tidleg som mogleg.
- Skolen evaluerer ikkje arbeidet med å informere og involvere aktuelle råd og utvala basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette.

De har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Stavanger 18.12.2019

Lars Wetteland
Tilsynsleiar

Elisabeth Ur Fjørtoft

Lina Bryne Larsen

Vedlegg: Liste over dokumentasjon

- § 5-6 Årshjul samhandling skule- PPT
- Aktivitetsplaner Frakkagjerd
- Dette gis det anmerkninger og eller sanksjoner på
- Dokumenter vedr. juleball og kiosk
- Elevrådsrepresentanter 2016/17-2019/20

- Fordeling av arbeidsoppgaver i administrasjonen 2019/20
- Foreldremøte om trygt og godt skolemiljø ved Frakkagjerd ungdomsskole
- Frå 26.08.19 TL plan
- Informasjon til foreldre om jenter
- Innkalling og oppgaver
- Kursinformasjon + skolemiljø + krenkelser
- Mal for Meldeskjema § 9A-4
- Mal for Meldeskjema § 9A-5
- Mal – for – aktivitetsplan
- Oppdrag som miljøelev
- Plan for eit trygt og godt skulemiljø 2016-2020 Oppdatert 2.11.2017
- Plan for eit trygt og godt skulemiljø – verktøykasse
- Plan for trygt og godt skulemiljø Frakkagjerd ungdomsskole 080919
- Rapport Elevundersøkelsen
- Referat frå elevrådsmøter 03.01.17-25.09.19
- Referat frå TOT-møter 23.01.17-24.04.19
- Rutine for varsling § 9A-5
- Rutine for varsling vedrørende elevens psykologiske miljø ved Frakkagjerd ungdomsskole
- Skuleeigar – skule Utviklingsplan 2017-2018 Oppdatert 27.11.2017
- Sosial læreplan -siste
- Tilbakemelding til foreldre og foresatte etter innspill levert 14
- TK Ordensreglement revidert 140219
- Vaktplan miljøelever haust 2019
- Veileder skolevegring – stortfravaer – mai 2017
- Årshjul overgang barneskole-ungdomsskole vår 2019